VE0 LC76 8

# RADØY KOMMUNE

Frode Bremerthun Rokne
Gamle Liavegen 27
5700 VOSS

| **Dykkar ref.** | **Vår ref.** | **Dato:** |
|---|---|---|
| | 10/550-14/ 11/2190/68/35/ANT | Manger: 18.03.2011 |

## GNR 68/35 ASKELAND - UTSLEPPSLØYVE-UTSENDING AV SAKSPAPIR

Radøy kommune har gjort vedtak i saka. Sakspapir ligg vedlagt. Lykke til med prosessen vidare og tiltaket dykkar.

Med helsing

Christian Fotland
Rådmann

Asbjørn Nagell Toft
Rådgjevar

# RADØY KOMMUNE
## Sakspapir

| SAKSGANG | | | |
|---|---|---|---|
| **Styre, utval, komite m.m.** | **Møtedato** | **Saksnr** | **Saksansv.** |
| Delegert frå plan, landbruk og teknisk | 18.03.2011 | 075/11 | ANT |

| | | |
|---|---|---|
| **Avgjerslemynde:** Radøy kommune | **Arkiv:** GBNR-68/35 | **Arkivsaknr** |
| **Sakshandsamar:** Asbjørn Nagell Toft | **Objekt:** | 10/550 |

## GNR 68/35 ASKELAND - UTSLEPPSLØYVE

**Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok. dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 07.05.2010 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - søknad om utsleppsløyve |
| 3 | I | 06.06.2010 | Bergen og Omland Havnevesen | Gnr 68/35 Askeland - oversending til Kystverket |
| 2 | U | 15.06.2010 | Bergen og Omland Havnevesen | Gnr 68/35 Askeland - søknad om utsleppsløyve- Handsaming av Bergen- og Omland Hamnevesen |
| 4 | I | 26.08.2010 | Kystverket | Gnr 68/35 Askeland - løyve til utlegging av utsleppsleidning |
| 6 | U | 10.09.2010 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - søknad om utsleppsløyve - løyveskriv |
| 7 | I | 09.10.2010 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - klage på vedtak |
| 9 | U | 13.10.2010 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - søknad om utsleppsløyve - godkjenning - oversending av vedtak |
| 11 | U | 23.12.2010 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - søknad om utsleppsløyve - Klage - Utsending av sakspapir |
| 12 | I | 15.03.2011 | Frode Bremerthun Rokne | Gnr 68/35 Askeland - Serviceavtale for tømming av slamskiller |

**Vedlegg i saka:**

Gnr 68/35 Askeland - Serviceavtale for tømming av slamskiller.

**Saksutgreiing:**
Det er søkt om utslepp til sjø frå fritidseigedom på gnr. 68, bnr. 35 på Askeland. Det er takvatn som vil verta ført inn med sisterne til hytta her. Kystverket har etter Havne- og farvannslova på vilkår gjeve løyve til utsleppsleidningen i sjø som omsøkt. Kart over leidningen si plassering i sjø ligg ved søknad og er vedlagt. Søkjar ynskjer å sleppa ut

avlaupet sitt frå slamavskiljar til djupt vatn i eigen tett leidning frå fritidseigedommen. Hytta har ikkje straum eller vegtilkomst. Det er berre sjø nedanfor eigedommen. Det mykje straum i sjøen nedanfor hytta. Serviceavtale for tømming av slamskiller med båt er på plass. Det er Johnny Birkeland Transport som vil gjera dette arbeidet.

Radøy kommune synes at slamavskiljar her med tømming med båt som omsøkt er uproblematisk i område som har sjø med god resipient heilt i nærleiken til eigedommen (eldre hytte ved sjøen). Alternativet kan vera dårlegare løysingar her med tanke på lukt og avrenning m.m. Det er viktig at det vert montera ein 4 kubikk stor tank til slamavskiljar og at ledningane vert dekka godt til i strandsona og ut i sjøen. Det må søkjast etter plan- og bygningslova om ansvarsrett av ansvarleg firma for utføring av arbeidet.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune gjev utsleppsløyve for slamavskiljar ofr kloakk og gråvatn for gnr. 68, bnr. 35 som omsøkt på vilkår:
-Sørvisavtale med båt må vedlikehaldast og tømming skje slik at det ikkje vert ureining. Viss sørvisavtalen med tømning med båt går ut fell utsleppsløyvet vekk.
-Det må monterast typegodkjent slamavskiljar på minimum 4 kubikk.
-Arbeidet må utførast i samsvar med lokal forskrift om utslepp for separate avlaupsanlegg i Radøy kommune.
-Eit ansvarleg firma må søkja etter plan- og bygningslova for utføring av tiltaket.
-Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at krava frå Kystverket Vest, 26.08.2010 vert følgd opp.

Vedtaket har heimel i forureiningslova § 11 og § 16.